


Vil gje oppstartingsstilskot

LUSTER: Rådmannen i Luster rår næringsutvalet til å gje NVRLND eit oppstartingsstilskot på 30.000 kroner. Midlane skal nyttast til å utvikla forretningsplanar. Same summen vert tilrådd gjeve til Marits AS. Politikarane får sakene på bordet i neste møte.

Opna Circle K med livemusikk

SOGNDAL: Onsdag gjekk bensinstasjonen på Nestangen offisielt over frå Statoil til Circle K. Stasjonsdrivar Erik Trondtveit baud i det høve på kaffi, og kake, og livemusikk for alle som var innom. På scena stod Lars-Erik Blokkhus, vokalist frå rockebandet Plumbo, med seg hadde han Olivia Mc Peek på fiolin. Den offisielle opninga var det ordførar i Sogndal kommune, Jarle Aarvoll som stod for. Frå 2016 skiftar alle Statoil-stasjonar namn til Circle K. Bensinstasjonen på Nestangen har ei lang historie. Den første stasjonen opna i 1950. Sidan den gong har stasjonen vore under fleire ulike kjeder.



MUSIKALSK OPNING: Olivia Mc Peek og Lars-Erik Blokkhus.



PLANAR: Jørgen Hundset og Torkjell Dyrdal skal 15. mars leggja fram planane for nye skogsvegar for grunneigar i Fresvik, Feios og Vangsnes. 20. mars er det Refsdal, Seljedalen og Bødalslia aust som står for tur, før dei 21. mars tek føre seg Skorge/Stadheimslia og Arnafjorden.

Nye vegar skal få ut verdiane i skogen

■ ■ Legg planar ■ ■ Samspel med grunneigarar

VIK: Store verdiar står på rot i Vik. Vel 20 nye skogsvegar må til for henta ut verdiane i skogen.

Vikjene har vore aktive med skogreising frå 1950-talet og framover. 26.000 mål med gran er planta ut, og dei neste to tiåra er skogen hogstmoden.

Skisser

Torkjell Dyrdal og Jørgen Hundseth i det interkommunale samarbeidet om skog-

brukskompetanse i Sogn er i full gang med å laga ein Hovudplan for skogsvegar i Vik kommune. Planen skal bankast i kommunestyret i september. Men før ein kjem så langt skal grunneigarane få seia sitt. Skogforvaltninga arrangerer tre opne møte no i mars der grovskissene i planen vert presenterte.

– Me har teikna inn på kartet kvar nye vegar kan gå for å ta ut skog rundt om i kommunen. Me har lagt vekt på kva veglinje som er potensielt mest lønsam og gjer minst inn-

grep i naturen. Det er viktig å presisera at dette er eit forslag frå oss, det er til sjuande og sist grunneigarane sjølve som må ta stilling til om dei vil laga veg og kvar den bør gå, seier Torkjell Dyrdal. Planen som no vert spikka på vil vera eit viktig verktøy i forvaltninga av tilskotssøknader, der vegprosjektet i ein hovudvegplan vert prioritert høgt.

Gunstig

Skogforvaltninga i Sogn fortel at aukande tømmerpris og gode tilskotsordningar frå

staten, gjer at grunnlaget for vegbygging i utmarka er god. Verdiskapinga knytt til skogbruket er god. Ein tømmerstokk til 300 kroner kan du gange med ti for å finna verdiskapinga, seier Jørgen Hundseth.

Mest gran

Det er dei store granfelta som no byrjar å bli klare for hogst.

– Om lag 90 prosent av skogen i dekningsområda er gran, medan resten er furu, seier Dyrdal.

Feios har mest hogstmoden skog i kommunen, og her åleine er det planar om 20 kilometer med ny vegar.

– Samarbeid mellom naboar og god dialog med skogforvaltninga er viktig når ein slik plan skal lagast. Røynslene me har frå likande planlegging i Balestrand er gode. Her gjekk nabopraten godt og me har fått på plass fleire vegar inn til hogstmoden felt, seier Hundseth.

EirikThue
eirik.thue@sognavis.no